



# ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN

ÅRET 2019

«*Nær menneske, nær Kristus*»

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

SOKNEPRESTEN SINE TANKAR OM ÅRET 2019	- 3 -
TRUSOPPLÆRING	- 6 -
DRIFT AV KYRKJA OG GRAVPLASSEN	- 11 -
ØKONOMI	- 14 -
KYRKJEMUSIKK	- 17 -
TEMAKVELDAR	- 18 -
DIAKONINEMNDA	- 20 -
KYRKJEBLADET	- 22 -
KYRKJERINGEN	- 23 -
FITJAR KYRKJE SITT MISJONSPROSJEKT	- 24 -
BAKKEN BARNEHAGE	- 25 -

Fitjar, den 20. januar 2020

Sigrid Fangel  
*leiar i soknerådet*

Wenche Andersen Helland  
*nestleiar i soknerådet*

Tom Rydland

Anne Marie Røed

Herman Inge Aadland

Håkon Rydland Sæbø

Svein Lunde

Åse Rygg H. Nøttveit

Roald Drønen  
*sokneprest*

Sigurd André Maraas  
*kommunal representant*

Jan Overweg  
*kyrkjeverje*

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## SOKNEPRESTEN SINE TANKAR OM ÅRET 2019

v/ Roald Drønen, sokneprest

### AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Gudstenesta - samlinga om ord og sakrament - søndag føremiddag i Fitjar kyrkje vert avslutta med signing til teneste: «Gå i fred. Ten Herren med glede!»

Med desse orda vert kyrkjelyden sendt ut for å vitna i ord og gjerningar og for å visa Guds miskunn mot menneske me møter på arbeidsplassar, i fritid og i sosiale samkomer.

Gudstenesta er navet i kyrkjelyden. Herfrå skjer arbeidet i ulike retningar mot barn, ungdom, middelaldrande og eldre. Med visjonen «Nær menneske, nær Kristus» er målet å nå ut til ulike målgrupper som ungdomar, småbarnsfamiliar, einslege, pensjonistar, sørjande etc.

Fitjar kyrkje	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
<b>Døypte</b>	20	25	39	37	32	38	26	34	38
<b>Konfirmerte</b>	41	41	37	34	45	52	52	27	48
<b>Vigsel</b>	8 424*	4 294 *	7	12	4	7	8	3	3
<b>Gravferder</b>	27 3274*	13 1509*	21	32	28	19	25	29	24
<b>Deltakarar i gudst sön og helgedagar</b>	7963	8499	8940	9324	8896	9139	8880	8400	8800
<b>Gjennomsnitt fram-møte på sön- og helgedagar i kyrkja</b>	124/64	143/59	144/62	150/62	148/60	152/60	148/60	140/60	160/55
<b>Gudstenesteframmøte utanom kyrkje(-huset)</b>	808/7	806/7							
<b>Nattverddeltakarar</b>	2797/40	2933/38	3382/35	3781/41	3153/37	2626/35	2623/36	2700/38	2661/37
<b>Kyrkjeoffer</b>	417471	416255	544417	425154	416430	379524	384478	381780	369482
<b>Gjevarteneste og andre gåver</b>	246199	277563	670290	639929	56280	138000	182000	74352	
<b>Frammøtte *</b>									

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

Det har vore ein god plan og godt arbeid for å leggja til rette for ulike gudstenester på søn- og heilagdag det siste året. Av 64 gudstenester har sju vore ein annan stad enn i kyrkja (Dåfjorden slipp, festivalgudstenesta på kaien, «skaparverkets» dag i fjellet, i Kråko for å nemna nokre).

Ellev gudstenester lagt til rette for born - ofte knyta opp mot trusopplæringstiltak. Ungdomsgudstenesta på kveldstid andre juledag der ungdomar hadde ansvar for preike (stud.theol. Ingvild Prestbø), musikk, song, bøner, kyrkjetenar - og klokkarteneste, var ei fin oppleving og godt besøkt (62).



Det er gudstenester på Fitjar Bu- og behandlingssenter og Havnahuset annankvar veke, unntake sumarstid.

Det har vore fire skulegudstenester og ei gudsteneste felles for barnehagane.

Vi deltok på det årlege venestemnet i Stranda bedehus saman med Indremisjons-samskipnaden.

Deltakinga på gudstenester søn- og heilagdagar har gått ned siste året, til eit snitt på 124 (143 i 2018). Nattverdbesøk følgjer same trenden med 70 (77 i 2018).

## OM MEDLEMMER, DÅP, INN- OG UTMELDING

2572 Personar i Fitjar var medlemmer av DNK pr. 31.12. Siste året var det 3 innmeldingar og 7 utmeldingar.

Talet på gravferder var 27, og talet på vigslar var 8. Talet på konfirmerte var 41.

Talet på fødde var lågare enn normalt. Det forklarer eit uvanleg lågt dåpstal på 20 døypte (25 året før).

Kyrkjekontoret får ikkje lenger fødselsmeldingar frå folkeregisteret. Difor er det vanskeleg å seia kor stor del av eit årskull som vert døypt.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## OM PRESTETENESTA

Dette er første året sidan 1991 at det berre er ein fast prest i teneste i Fitjar. Sidan soknepresten har fri ei helg pr. månad, treng ein vikar oftare. Vi har hatt god hjelp av våre to pensjonerte prestar, Herman Inge Aadland og Sven Harald Nilsen, som høyrer til i kyrkjelyden. Stud. theol. Åse Selsvold var vikar i soknepresten sin ferie.

## OM TRUSOPPLÆRINGA

Trusopplæringa går i gode spor og nye tiltak for nye årskull er blitt gjennomførte. Når nye tiltak vert introduserte, er det trong for fleire frivillige medhjelparar.

Det har vore eit godt samarbeid med Fitjar Indremisjon kring Tentreff på fredagskvelden på Fitjar bedehus.

Det er eit godt samarbeid med skulane og barnehagane i kommunen.

Soknepresten har regelmessige besøk til soknerådet sin barnehage i Bakken.

Få tilsette føreset klare arbeidsoppgåver og at den einskilde er «sjølvgåande».

Eg vil takke tilsette for eit godt samarbeid og arbeidsmiljø, sokneråd og alle frivillige medhjelparar for ein flott innsats i 2019 og ynskjer Guds velsigning over det gode arbeidet som skjer i Fitjar kyrkjelyd.



Foto: Torbjørn Hovland

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## TRUSOPPLÆRING

v/ Randi Lønning Matre, kyrkjelydspedagog

### AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Trusopplæringa i kyrkjelyden vert gjennomført i tråd med trusopplæringsplanen som er godkjent av soknerådet og biskopen. I 2019 vart desse tiltaka gjennomført:

Tiltak	Namn	Deltakarar	Av inviterte
B0	Dåp	20	
B1	Babysong	18	100 %
B2	Adventssamling (slått saman med B3)	9	26 %
B3	Adventssamling (slått saman med B2)	6	20 %
B4	Utdeling av 4-årsbok og kyrkjevandring	28	100 %
B5	Den gode hyrding	12	36 %
B6	Barnas påskefest	16	64 %
B9	Tårnagent	12	33 %
B11a	Lys Vaken januar pga utsett arrangement	22	59 %
B11b	Lys vaken november	19	59 %
B15	Konfirmasjon	41	91 %

### MEIR OM ARBEIDET

«Størst av alt» er namnet på Trusopplæringsplanen i den norske kyrkja. Fleire gongar gjennom dette året har preiketeksten vore Jesus og barna. Jesus tok barna på fanget og sa at dei er størst i Guds rike. Difor er det ei stor og viktig oppgåve me har i trusopplæringsarbeidet i kyrkja vår, å fortelje om Jesus til barna.

Mange flotte uløna medarbeidarar er med i dette viktige arbeidet. Og dei er gull verdt!

Trusopplæringa er frå 0-18 år, der babysong er det første tiltaket etter dåp.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

Dei store nasjonale trusopplæringstiltaka som 4-årsbok, tårnagentar, lys vaken og konfirmasjon er tiltak som har størst oppslutnad.

Tiltak som adventsamling og den gode hyrde har vore positive samlingar. Sjølv om oppmøtet er lågare, har det vore ein fin gjeng på samlinga. Alle desse tiltaka gjer at planen byrjar å henge saman.

Framleis er det dei eldste som det er vanskelegast å lage gode tiltak for. Kyrkja driv saman med Fitjar indremisjon, Ten-treff for ungdomar i alderen 13 år og oppover. Eit positivt tiltak med aukande oppslutnad.



## NYE TILTAK I 2019

Dette året har vore ein god gjennomkjøring av dei tiltaka som er i planen for kyrkjelydspedagogen. Det har vore fokus på å gjennomføre dei tiltaka som har hatt god oppslutning tidlegare. Det har difor ikkje blitt starta opp nye tiltak i 2019.

## ANNA ARBEID I TRUSOPPLÆRINGA

Ein viktig del av trusopplæringsarbeidet er å ha familiegudstenester. I Fitjar kyrkje er det familiegudsteneste ca ein gong i månaden. Her legg me til rette for at heile familien kan komme til gudsteneste.

## SKULE- KYRKJESAMARBEIDET

Me har godt samarbeid med alle skulane. Skulegudstenester har me i høve jul, påske og sommar. Barnehagane er også invitert til kyrkja ved ulike høve som jul og påske.

Kyrkja har eit møtepunkt med soknerådsbarnehagen Bakken ca ein gong i månaden. Då er me på besøk i Bakken barnehage eller me tar imot besøk av barnehagen i kyrkja.

## PLANAR FRAMOVER

Det er nokre år sidan planen vart skriven. Og det er signalisert frå bispedømekontoret at det er tid for revidering. Planen framover er difor å jobbe med revideringa av trusopplæringsplanen vår i trusopplæringsutvalet.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## BABYSONG OG SMÅBARNSTREFF

v/ Helga Rimmereid

Tilbodet, som vert drive av Helga Rimmereid og Astrid K. Prestbø, innehold songstund, nistemåltid og leik/sosialt samvær for born under skulealder saman med ein voksen på Fitjar bedehus.

I 2019 har trusopplærar Randi Lønning Matre vore støttande i arbeidet og har delteke på nokre av samlingane. Gerd M. Træet og Ruth Skram har vore med som kjøkenhjelparar, og er til uvurderleg hjelp, og er med og lagar ei fin ramme rundt niste-/måltidsfellesskapet.

**Babysong** er organisert som eit kurs med påmelding retta mot babyar mellom 0 og ca 12 månader saman med ein voksen. Dei held til på loftet på Fitjar bedehus og har samling annakvar tysdag kl. 10.30. Det er eit kurs på våren og eit kurs på hausten, med totalt 8 samlingar kvart halvår.

Parallelt med babysongkurset er det **småbarnstreff** i hovudetasjen på bedehuset, for ungar mellom 0 og 6 år saman med ein voksen. Her er det «dropp inn», dvs ingen påmelding eller betaling, og opplegget vert tilpassa alderen på dei som kjem.

Babysong er ein del av trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden. Småbarnstreff er eit kontinuerleg tiltak for aldersgruppa 0 -6 år, og er eit supplement til trusopplæringstiltaka. Begge tilboda er opne for alle som ynskjer å delta.

Før jul har me ei utvida samling/avslutting som me kallar adventssamling. På adventssamlinga har me ei adventsprega songstund, adventssamling med lystenning og juleevangeliet på småbarnstreff og utdeling av diplom og kveldsbøn-bilete på babysong. Etterpå er det felles måltid med litt ekstra, og til slutt juleverkstadaktivitetar.

Våren 2019 deltok 10 babyar saman med ein voksen på babysongkurset.

Hausten 2019 deltok 8 babyar saman med ein voksen på babysongkurset.

På småbarnstreff har det møtt mellom 3 og 12 ungar kvar gong, med nesten like mange voksne.

I tilknyting til påske hadde me påskelunsj, som er ei utvida samling der ein kunne invitera med seg slekt/vener, og der det vart servert smørelunsj.

Før jul hadde me også ei utvida samling/avslutting som me kallar adventssamling. På adventssamlinga har me ei adventsprega songstund, adventssamling med lystenning og juleevangeliet på småbarnstreff og utdeling av diplom og kveldsbøn-bilete på babysong. Etterpå er det felles måltid med litt ekstra, og til slutt juleverkstadaktivitetar.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

På adventssamlinga opna me dette året for å invitera med slekt/vener og det vart servert smørelunsj her og.

På påskelunsjen var det totalt (med små og store) 45 stk, og på adventssamlinga var det totalt 39 stk.

I 2020 vil me halda fram som før, med to babysongkurs i året. Det er planlagt småbarnstreff som før våren 2020, men når det gjeld oppstart småbarnstreff hausten 2020, så vil dette verta vurdert ut ifrå behov/oppmøte på våren.

Det har vore ynskjeleg/etterspurd at me har songstunder på Fitjar bu- og behandlingssenter, slik me har gjort tidlegare, men me har ikkje fått gjennomført det i 2019 pga ustabilt oppmøte på småbarnstreff.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## TENTREFF

v/ Dagfinn Brekke

Ten-treff er et samarbeid mellom Fitjar Indremisjon og Fitjar sokn. Det arrangeres på Fitjar Bedehus fredagskvelder kl. 21:00-23:00. KRIK og Ten-treff har gått sammen om felles annonsering på Facebook på siden «Fredagskveld på Fitjar». Dette har vist seg å være en svært effektiv måte å reklamere for opplegget på.

Ten-treff skal være et lavterskelttilbud. Det skal være sosialt og kjekt for alle som stikker innom Bedehuset en fredagskveld. Samtidig har det blitt en viktig møteplass for kristne ungdommer som søker sammen. Å klare å holde fast på, og videreutvikle dette, er viktig.

Pga skolegang, fraflytting, og tilflytting, ser vi at det er formålstjenlig å ha årsmøte og valg av styre på høsten etter skolestart. Ved årskiftet 2019/2020 har styret bestått av følgende; Alma Brekke, Siren Brekke, Lars Rydland Sæbø og Ola Sigurd Vestbøstad. Alle valgt bland medlemmene i Ten-treff. Ellers har styret bestått av Dagfinn Brekke, Terje Eiken, Randi Lønning Matre, Anne Marie Røed, Håkon Rydland Sæbø og Marianne Heggholmen Aarbø.

I løpet av 2019 har vi hatt mye godt arbeid på Ten-treff. Det har vært mange gode andaktsholdere. Ungdommen har ytret ønske om flere yngre andaksthodere. Dette har løst seg fint med flere kjekke ungdommer som har holdt gode og inspirerte andakter. I tillegg har det vært to møtehelger høsten 2019 med Asbjørn Handeland med spesielt fokus på ungdommer på Ten-treff. Det var en stor suksess, med flere gode møter, innspill, spørsmål og samtaler. Nytt av året var at det ble arrangert nyttårsfest for Ten-treff målgruppen på bedehuset. Dette ble svært vellykket med ca 35 ungdommer som deltok.

Mange av ungdommene er svært delaktige i arbeidet på Ten-treff gjennom band, teknikk, kjøkken, kiosk og i styret. I tillegg til styret er det en rekke andre personer som deltar for å klare å holde Ten-treff i gang hver uke. Mange trofaste stiller opp på kjøkken, for å holde andakt eller bare for å være der som voksen som passer på eller slår av en prat.

Ungdommene er kjekke og lydhøre. Det sosiale fungerer tilfredsstillende, men det er krevende å finne aktiviteter som alle ønsker å delta i. Aktivitetene er i hovedsak bordtennis, air-hockey, Play Station i tillegg til brett- og kortspill. Mange ungdommer sitter også i større eller mindre grupper og samtaler seg imellom, eller med en eller flere av lederne.

Ten-treff er et svært givende arbeid blant kjekk ungdom og engasjerte voksne. Vi opplever både at ordet blir sådd, og at ungdommer vokser i ordet.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## DRIFT AV KYRKJA OG GRAVPLASSEN

v/ Jan Overweg, kyrkjeverje

### PERSONALE

I 2019 har me hatt desse medarbeidarane i kyrkjestaben:

Sokneprest, Roald Drønen  
Kyrkjeverje, 50%, Harald Rydland (fram til oktober)  
Kyrkjeverje, 35%, Jan Overweg (frå oktober)  
Kantor, 65 %, Jan Overweg  
Kyrkjelydspedagog, 80%, Randi Lønning Matre  
Kyrkjegardsarbeidar, 60%, Kristian Skumsnes  
Kyrkjetenar/reinhaldar, 10%, Marte Rimmereid (til og med juli)  
Kyrkjetenar/reinhaldar, 10%, Sofie Rimmereid (frå 1. august)  
Kontormedarbeidar, 20%, Elisabeth Søndenå Oma (frå 1. oktober)

Samarbeidet i staben har vore godt. Arbeidet i kyrkjestaben er prega av stor arbeidsglede og godt humør.

### KYRKJEBYGGET

Fitjar kyrkje, som er eit trebygg frå 1867, treng heile tida å vedlikehaldast for å ikkje forfalla. Også i 2019 er gjort noko utvendig vedlikehald. Det var budsjettert med noko reparasjon av øvste del av tårnet, samt maling. Dette vart utsett av ulike grunnar. Innvendig er det montert brannstige, som ekstra rømningsveg frå galleriet.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## GRAVPLASSEN

Store deler av 2019 har Fitjar sentrum vore prega av arbeid med miljøgata. Det har gjort tilgangen til området rundt kyrkja og gravplassen noko vanskeleg. Også etter at arbeidet var ferdig, opplever fleire at tilkomsten til gravplassen og kyrkja er blitt vanskelegare. Soknerådet vil sjå på mogelegeheter for å forbedre parkeringstilhøve for dei som har trong for å parkera nærmare.

Hausten 2019 vart veggrusen i stiane skifta ut. Samstundes vart avløpet kobla til det nye avløpet under hovudvegen.

I 2018 starta me detaljplanlegginga som skal til for å fornysa gravfelt D og å for å etablira ein namne-minnelund på arealet ved sida av felt M. Me brukar selskapet Akasia Eiendomsforvaltning AS som rådgjevar i prosjektet. Sidan planen inkluderer noko av den gamle mellomaldergravplassen er der nødvendig med utreiingar og godkjenning frå Seksjon for kulturarv i fylkeskommunen. Målet er å få lagt arbeidet ut på anbud våren 2020. Dei nye gravene vil da kunna vera klare til bruk i 2021.

På den nyaste delen av gravplassen er no nærmare halvparten av gravene i bruk. Kyrkja utfører gravstell på om lag 50 av gravene på vegner av pårørande som ikkje har høve til å gjera dette sjølv. Avtale om gravstell kostar for tida kr. 1.100,- pr år. Festeavgifta på Fitjar kyrkjegard er for tida kr. 200,- pr. år etter at fredningstida på 20 år er ute. Gravene kan festast inntil 60 år etter gravferda.

Kommunen, soknerådet og medarbeidarane i kyrkja vil framleis arbeida for at Fitjar kyrkjegard skal framstå som ein fin og velstelt gravplass.

## RÅDSARBEID

Soknerådet har gjennom året hatt 9 møte der det har vorte behandla 56 ulike saker. Medlemene i soknerådet har i 2019 vore desse:

- Sigrid M. Fangel, leiar
- Gunnvald Aarbø, nestleiar
- Helga Olsen Aadland
- Terje Havro
- Bodil Nesse, skrivar
- Sindre Aarbø
- Rasmus Fitjar
- Mette Elisabeth Lambach
- Roald Drønen, sokneprest
- Sigurd André Maraas, kommunal representant



Den 9. september 2019 var det val av nytt sokneråd for periode 2019-2023. Deltakinga ved valet var god i høve til landsbasis, men ikkje med tanke på oppslutnaden i kyrkja på Fitjar. Det avtroppande soknerådet har gjort ei evaluering av valet som er viktig å ta med i førebuinga av nytt val om fire år.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

Det nye soknerådet vart konstituert på møtet 5. november:

- Sigrid Marie Fangel, leiar
- Wenche Andersen Helland, nestleiar
- Svein Lunde, skrivar
- Tom Rydland
- Anne Marie Røed
- Herman Inge Aadland
- Håkon Rydland Sæbø
- Aase Rygg H. Nøttveit
- Roald Drønen, sokneprest
- Sigurd André Maraas, kommunal representant

Som leiar for soknerådet vart Sigrid Marie Fangel attvald for eit år. Til ny nestleiar, også for eit år, vart Wenche Andersen Helland vald. Etter kyrkjelova skal det i kommunar med eitt sokn berre vera sokneråd. Dette rådet skal i tillegg til ordinære soknerådssaker ha dei oppgåvane som elles ligg til fellesråda i andre kommunar. Kommunen sin representant i rådet trer inn i dei sakene som hører til fellesrådet sitt ansvar.

Innkalling og referat frå møte er offentleg tilgjengeleg på kyrkja sine heimesider - [kyrkja.no/fitjar](http://kyrkja.no/fitjar).



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## ØKONOMI

### ARBEID MED BUDSJETT OG REKNESKAP

v/ Jan Overweg, kyrkjeverje

Arbeidet med økonomisk forvaltning for kyrkja føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjeverja og økonomiavdelinga i kommunen.

Rekneskapet for 2019 er ikkje klar, men me presenterer likevel nokre førebels tall. Alt tyder på eit overskot i 2019 som er om lag like stor som i 2018, da overskotet var på kr. 449.044.

Avviket mellom resultat og budsjett skuldast fleire forhold:

I budsjettet var det lagt inn lønnsmidlar til kontorhjelp heile året, mens kontorhjelp berre har vore tilsett i 20% i tre månader. Kyrkjeverja hadde uløna permisjon frå midten av oktober og ut året.

Kyrkjegardsarbeidar hadde i 2019 farspermisjon i ein periode.

Vedlikehald av tårnet, som var budsjettert med kr. 100.000, er blitt utsatt. Dei utgiftene vil kunna koma i 2020.

Inntektene frå festeavgift vart betydeleg høgare enn rekna med. Også summen av inntektene og gåvene til kyrkjelyden sitt arbeid vart noko større enn budsjettet.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## RESULTATREKNESKAP

<b>Tekst</b>	<b>Førebels rekneskap</b>		<b>Budsjett</b>
	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Brukarkebaling	482 555	295 154	402 000
Refusjon	497 717	485 413	424 000
Offentlege tilskot	2 524 400	2 460 400	2 524 400
Andre tilskott, innsamla midlar	663 670	713 247	457 500
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>4 168 342</b>	<b>3 954 215</b>	<b>4 009 900</b>
Løn og sosiale utgifter	2 042 003	1 989 451	2 131 200
Kjøp av varer og tenester	941 834	887 943	1 040 700
Refusjonar/overføringer	220 500	220 500	263 000
Tilskott og gåver	453 545	440 553	372 000
Avskrivningar	250 000	291 750	215 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>3 907 882</b>	<b>3 830 197</b>	<b>4 342 100</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>260 460</b>	<b>124 017</b>	<b>- 332 200</b>
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	7 625	8 557	0
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>7 625</b>	<b>8 557</b>	<b>0</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>7 625</b>	<b>8 557</b>	<b>0</b>
Motpost avskrivningar	250 000	291 750	220 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>510 460</b>	<b>424 324</b>	<b>- 112 200</b>
<b>Avsetjingar:</b>			
Bruk av bundne driftsfond	0	46 150	0
<b>Sum bruk av avsetjingar:</b>	<b>0</b>	<b>46 150</b>	<b>0</b>
Overført til investeringsrekneskapet			
Avsetjing til disposisjonsfond			
Avsetjing til bundne driftsfond	-	21 429	0
<b>Sum avsetjingar</b>	<b>-</b>	<b>21 429</b>	<b>0</b>
<b>Resultat</b>	<b>449 044</b>	<b>4 300</b>	

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## BALANSE

	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
<b>EIGEDELAR</b>		
<b>Anleggsmidlar</b>		<b>9 667 792</b>
Faste eigedommar og anlegg		9 229 577
Utstyr, maskiner og transportmidler		366 067
Utlån		72148
Aksjar og andelar		2 553 145
<b>Omløpsmidlar</b>		<b>12 220 937</b>
Kortsiktige fordringer		166 857
Aksjar og andelar		2 386 289
Sertifikater		
Obligasjoner		
Kasse, bankinnskudd		449 044
<b>Sum egedeler</b>		<b>11 793 267</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Eigenkapital</b>		<b>427 670</b>
Disposisjonsfon		472 566
Bundne driftsfond		1 212 732
Rekneskapsmessig mindreforbruk		- 8 867
Rekneskapsmessig meirforbruk		9 667 792
Udekka i investeringsrekneskapen		427 670
Kapitalkonto		427 670
<b>Gjeld</b>		<b>12 220 937</b>
<b>Langsiktig gjeld:</b>		
<b>Kortsiktig gjeld:</b>		<b>12 220 937</b>
Annan kortsiktig gjeld		427 670

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## KYRKJEMUSIKK

v/ Jan Overweg, kantor

I Fitjar kyrkje ligg alt til rette for gode musikalske opplevingar i samband med gudstenester, kyrkjelege handlingar og andre arrangement. Spesielt vil eg nemne det flotte kyrkjedommet og dei gode instrumentane. Dei syter for eit godt utgangspunkt for musikalsk skaparglede for både musikarar, songarar og kyrkjelyden. Det er lett å syngja i Fitjar kyrkje! Med song og musikk kan alle ta del i å tilbe og lovprisa den Treeinige Gud.

Songgleda i kyrkjelyden er lett å oppdaga i gudstenestane, men også ved andre arrangement i kyrkja. Til dømes ved "Ynskjesalmekveldane" der me syng salmar etter forslag frå dei frammøtte. Eller på temakveldar der det blir lagt inn noko allsong. Den gode songen må me ta vare på, og ikkje minst prøva å gje vidare til nye generasjonar. Skulegudstenestene før jul og påske gir godt håp i så måte.

### KYRKJELEGE HANDLINGAR OG INSTITUSJONANE

Kantoren er med ved gudstenestene på sjukeheimen og Hamnahuset annakvar onsdag. Fint er det også å kunne bidra med musikk i kyrkja ved gravferd og vigsel.

### FITJAR KYRKJEKOR

Arbeidet i kyrkjekoret har vore svært gjevande i 2019. Koret øver kvar onsdag frå 19.30 til 21.30. Medlemstallet ligg stabilt på ca 20. Leiar i styret har vore Anne Britt Tornes. Koret tek del på gudstenester høgtidsdagar og nokre andre sundagar. Me har sunge på bedehuset og på institusjonane. Det store prosjektet hausten 2019 var "Det gode landet" av Eivind Skeie og Sigvald Tveit. Eit stort løft for koret, med Marianne Juvik Sæbø og Arne Kvarven som dyktige solistar. Minnerik var også samarbeidet med danseelevane i kulturskulen.

### ANDRE ARRANGEMENT

Orgelkonsertane på nokre laurdagar om sommaren er eit tilbud mange set pris på. Ein halv time midt på laurdagen ser ut til å vera midt i blinken. Eg vil prøva å utvida konseptet noko i åra som kjem, med fleire laurdagar og fleire aktørar.

Presentasjon av kyrkjemusikk og orgelet for barn og ungdom er også viktig for å gje kunnskap om tradisjonane våre. Eg er glad for at me får dette bra til på Fitjar gjennom trusopplæringstiltak og besøk i kyrkja av skuleklassar.

Eg ønskjer å takka kyrkjelyden og kollegaer for det flotte arbeidet som blir gjort i felleskapet.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## TEMAKVELDAR

v/ Eli N. Simonsen

Me har stått som arrangør for 10 temakveldar dette året. Kveldane har som før hatt ulikt innhold og variasjon,

Målet vårt er å ha låg terskel, ulikt innhold og form som til dømes, song- og salmekveldar, konsertar, foredrag og gjerne ei og anna utstilling når det høver slik.

Me ønskjer at folk skal kjenna seg heime i kyrkjerommet. Desse arrangementa er ikkje berre for nokre få, men alle!!

Temakveldane er lagt til siste torsdagen i månaden. Nokre gonger har me måttja justera, enten grunna feriar på høgtider, eller fordi medverkande ikkje har vore tilgjengelege når me måtte ynskja.

I gruppa sit Benedicte Meyer, Hildegunn Aadland, Anne Britt Tornes og Eli N. Simonsen.

Me har planleggjingsmøter et par gonger i kvart semester og prøver slik å ha programma klare eit halvt eller heilt år i forvegen.

Folk er flinke til å koma med innspel, og me set stor pris på idear og kven vi kan spørja.



Frå temakveld «Det Gode landet» Foto: Torbjørn Hovland

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## PROGRAMMET 2019

JANUAR	"Når tonar og ord møtest" v/ Kari B. Lundal, Barbro H. Andersen og Bjarte Aadland
FEBRUAR	"Kan Guds vei gå gjennom mørke" v/ Erling Rimehaug
MARS	"Salig blanding" med Fitjar Ad Hoc
APRIL	Roald Drønen i samtale med Marit Isaksen Espedalen
MAI	"Körperler frå fleire århundre" med Grex Vocalis og gjestekoret Corona
AUGUST	Konsert med Maria Arredondo og Torstein Sødahl
AUGUST	"Profesjonell i møte med døden" v/ Martha Høyland Lavik
SEPTEMBER	Konsert med Sondre Bratland og Iver Kleive
OKTOBER	"Sårbarhetens kraft og risiko" v/ Per Arne Dahl
NOVEMBER	"Det gode landet" med Fitjar kyrkjekor, Marianne Juvik Sæbø, Arne Kvarven, og fleire

Me er godt i gang med programma for vår/haust 2020, og me kan allereie no lova mange interessante aktørar! Måtte alle desse arrangementa vera gode for mange!



Frå temakveld v/Per Arne Dahl Foto: Torbjørn Hovland

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## DIAKONINEMNDA

v/ Halvard Wiik

Diakonnemnda i Fitjar sokn er samansett slik:  
Annbjørg Stjern Tvedt (leiar), Grete Sætre, Inger Marie Gilje, Halvard Wiik, Bodil Nesse og Roald Drønen.

### AKTIVITETEN TIL DIAKONINEMNDA

Organisere besøkstenesta for dei som ynskjer det.

Skipa til ein årleg dagstur.

Blomehelsing til nære pårørande etter dødsfall.

Blomehelsing til alle som fyller runde og halvrunde år frå 80 og oppover.

Skipa til inspirasjonsfest med fagleg/åndeleg påfyll og blomepåskjøning til alle aktive besøksvener.

Deltaking i gudstenesta Helgemessesøndag.

Invitasjon til - og organisering av - middag og kaffi etter gudstenesta på Helgemessesøndag

Laga til sommarfest på sjukeheimen.

Samarbeid med kyrkjelydane i Stord, Bømlo og Tysnes om felles sorggrupper.

### OMFANGSET AV ARBEIDET

Diakoninemnda hadde fire møte i 2019.

34 Personar fekk besøk og blomehelsing i samband med fødselsdagar i 2019.

Inkludert nemndsmedlemene er det 19 frivillige besøksvener som er engasjerte i arbeidet. I tillegg er det frivillige på sjukeheimen og til kyrkjekjesskyss.

Ved utgangen av året er det 13 personar som får jamleg besøk.

Ein er elles kjend med at det også er ein del frivillige som tek på seg oppgåver utan å vera registrerte i diakoninemnda sine system.

Ca. 60 personar deltok på middagen etter gudstenesta på Helgemessesøndag.

### NYE TING SOM ER KOMNE TIL I ÅR

I 2019 vart det skipa til sommarfest for bebuarane på Fitjar Bu- og Behandlingssenter

I 2019 fekk Diakoninemnda kr. 10.000,- i tilskot frå Fitjar Kraftlag til nemnda sitt arbeid.

Det er også nokre personar som har feira «runde» dagar i 2019, som i staden for personlege gåver har ynskt bidrag til diakoninemnda sitt arbeid. Dette er ei svært god hjelpe i arbeidet.

Tilskot og gåver gjer at ein kan halda så pass låge prisar på m.a. den årlege turen, at kostnaden ikkje hindrar nokon i å vera med.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## VIKTIGE HENDINGAR I ÅRET SOM GJEKK

Diakonituren 2019 gjekk til «Tønnegården» i Fusa i strålende ver. Det var over 40 deltagarar. Engevik & Tislevoll og GSE Sandvik sponsa turen, som vart svært vellukka.

På besøksvenfesten, 13. februar, var det Liv Kari Bru som talte.

Diakoninemnda, og nokre andre interesserte, reiste til Bremnes på prostimøte 2. oktober. Temaet var diakoni, og deltakarane fordele seg på ulike seminar innanfor dette feltet.



*Foto: Harald Johan Sandvik*

## PLANAR FRAMOVER

Diakoninemnda har av kapasitetsmessige omsyn ikkje konkrete planar om nye tiltak i 2020 utover det å gjera sommarfesten på FBB tydeleg tilgjengeleg også for bebruarane på Havnahuset.

Nemnda har også drøfta å starta opp med middagsservering på bedehuset eit par gonger for månaden med travle småbarnsforeldre, våre nye landsmenn og elles dei som ynskjer å eta middag i eit større sosialt fellesskap som målgruppe. Tiltaket er førebels lagt til sides.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## KYRKJEBLADET

Fitjar kyrkjeblad har kome ut med fem utgåver dette året.

Skriving og innsamling av stoff til bladet vert gjort på dugnad. Trykking og distribusjon vert utført av profesjonelle aktørar.

Redaksjonen i kyrkjebladet var ved utgangen av 2019:

- Roald Drønen, redaktør
- Rolf Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Anne Hardeland
- Karvel Strømme

Kostnadane til trykking og distribusjon av bladet vert dekkja av gåver og inntekter frå annonsesal. Bladet vert lagt i postkassane til alle husstandane og bedriftene i Fitjar. Bladet vert også lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje. Tilbakemeldingane me får viser at folk set stor pris på kyrkjebladet og at mange les det.



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## KYRKJERINGEN

Kyrkjeringen er ei foreining som arbeider for å halda kyrkja fin og funksjonell når det gjeld utstyr, inventar og utsmykking. Blomar og anna pynting av alteret er det og kyrkjeringen som tek seg av.

Kyrkjeringen har elleve medlemmar, og har eit møte om lag ein gong i månaden. På foreiningsmøta, som stort sett vert haldne rundt i heimane, vert det samla inn pengar for å fremja arbeidet.

I 2018 tok kyrkjeringen initiativ for å få ei sårt tiltrengt oppgradering av kyrkjestova. Dette arbeidet vart fullført med ei opprydning i kyrkjestova i 2019 og sying av nye gardiner.

Kontaktperson for kyrkjeringen er Ellen Vestbøstad.



Foto: Torbjørn Hovland



# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## FITJAR KYRKJE SITT MISJONSPROSJEKT

v/ Helga Rimmereid

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap og har avtale om å støtta NMS sitt arbeid i Mali. Saman med NMS ynskjer Fitjar kyrkjelyd å jobba for å kjempe mot urett, jobba for å utrydda fattigdom og å dela trua på Jesus med fulanifolket i Mali.

Soknerådet har oppretta ei misjonsnemnd som på vegne av soknerådet skal fylgja opp prosjektet lokalt. Nemnda består av Helga Rimmereid (leiar), Solfrid Sandvik, Tordis Eide og Gunnvald Aarbø (soknerådsrepresentant)

Formålet med misjonsavtalen er å skapa misjonsengasjement og å byggja Guds rike lokalt og globalt, skapa interesse og engasjement for misjon og prosjektet, og å støtta arbeidet i Mali med forbøn og pengar.



Under gudstenestene påskedag, pinsedag og juledag vert det informert om arbeidet og situasjonen i Mali. Det vert teke opp offer til prosjektet og det vert bedt for arbeidet.

Det vert informert om prosjektet på heimesida til kyrkja, i kyrkjelydsbladet og på kyrkjelydsturane. Diverse informasjon om avtalen og prosjektet er tilgjengeleg i kyrkja. Det er ynskjeleg at prosjektet skal vera ein viktig og naturleg del av det meste av arbeidet i kyrkjelyden, og verta innlemma i ulike arrangement og på ulike arenaer i kyrkjelydsarbeidet. Og det er ynskjeleg at misjonsarbeidet i Mali er med i forbøna under gudstenestene kvar søndag. Gjennom dette ynskjer ein at alle i kyrkjelyden, frå dei yngste til dei eldste, skal kjenna til prosjektet, kjenna at dette er «vårt» prosjekt og slik ha (eller få) eit oppriktig misjonsengasjement.

Kyrkjelyden vår samla i 2019 inn kr. 35.633 kroner til misjonsprosjektet i Mali. Dette er ein flott sum som vert lagt merke til og sett stor pris på av NMS.

Frå nemnda si side er det ynskjeleg at det nye soknerådet vel å vidareføra kyrkjelydsavtalen med NMS, at det vert valt ny representant frå soknerådet i nemnda, og at nemnda kan jobba vidare med å halda misjonsprosjektet «varmt» og sørge for at det er ein naturleg og viktig del av det meste av arbeidet i kyrkja.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

## BAKKEN BARNEHAGE

v/ Torunn K. Aarskog, styrar

Bakken barnehage er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage. I vedtekten står det: "Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon. Barnehagen er ein del av Fitjar kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid." Eigar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemnar styret for stiftinga. Desse sit i styret i 2019: Erling Prestbø (leiar) , Frøydis Almås, Asbjørn Vik og Torunn Aarskog. Ein representant frå Stiftingstyret (Frøydis Almås) og ein representant frå soknerådet (Gunnvald Aarbø) er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen.



Barnehagen har 3 avdelingar med til saman 72 plassar for born i alderen 0-6 år. Eit barn under 3 år tel for 2, så tal på born i barnehagen varierer med alderen på borna. Kvar avdeling har 24 plassar (småbarnsavdelinga har 12 born) og bemanninga er 4 årsverk pr. avdeling.

### BORN PR 15. DESEMBER 2019

61 Born - 55 born har fulltidsplass og 16 born har deltidsplass (60%). 18 Born er under 3 år, (fødd i -18 og -17) og 43 born er over 3 år (fødd i -16,-15 og -14). Vi har hatt fulle grupper heile året og venteliste. Vi har born med særskilde behov som får tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp i følgje vedtak. Kommunen refunderer kostnadene med dette.

### PERSONALRESSURSAR PR. 15. DESEMBER 2019

Styrar: 1 årsverk, pedagogisk leiarar/barnehagelærarar: 6 årsverk, fagarbeidarar/assistentar: 6,80, assistenter for barn med rett til tilrettelegging: 2,16 årsverk, Reinhold: 0,4 årsverk + timebasert vaktmeisterteneste. Totalt 16,41 årsverk og 18 tilsette!

Vi opplever å ha gode lokale tilgjengelege. Alle avdelingane har større areal enn det som er påkravd. I tillegg til fellesrom som: formingsrom, bibliotek og grupperom. Personalavdelinga er romsleg med godt pauserom og arbeidsrom med arbeidsplass til alle pedagogane.

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

Vi har avtale med Lekeplasshjelp AS angåande kontroll av leikeplassen 4 gonger i året. Dette året er uteleikeplassen blitt oppgradert med nytt klatrestativ og nytt dekke / fallunderlag.

Året 2019 har vore eit år utan store endringar. Det er fortsatt stor søknad til barnehagen. Mange søker om plass ved hovedopptaket i mars og det har vore venteliste gjennom heile året.

Vi ynskjer stadig å vera i endring/ forbetring. Borna får servert alle måltid i barnehagen. Foreldra betalar kr. 250 i kostpengar for heil plass. Det dekkar frukost (havregraut eller brødmat), lunsj (varm lunsj ei gong i veka), lite måltid på ettermiddagen, mjølk, frukt/grønsakar kvar dag og fruktfat eller smoothy ved fødselsdagsfeiringar!

Barnehagesektoren er i stadig endring. Ny bemanningsnorm og pedagognorm er vedteken og gjennomført hos oss.

At vi er ein kyrkjelydsbarnehage kjem til uttrykk i barnehagekvelden. Bordvers og kristne barnesongar har sin naturlege plass. Bibelforteljing er tema i samlingsstunda ein gong i veka, formidla på forskjellige måtar ved hjelp av bøker, drama, flanellograf, forteljing, film mm. Prestane vitjar oss ca. ei gong pr. månad og har kristen samling. Dei kristne høgtidene har stor plass hos oss. "Tenkefargen" lilla går igjen før jul (advent) og påske (faste). Då skal me førebu oss på ei høgtid! Vi har julespel på Vennskapsfesten i desember og saman med Fitjar kyrkje har vi påskevandring og pinsevandring i kyrkja. Om hausten deltek barnehagen med prosesjon og song på hausttakkefesten i kyrkja. At mange synes at det er viktig med den kristne profilen som vår barnehage har, viser store søkerartal!

Sidan 2008 har vi vore Vennskapsbarnehage med Mamma Maggie sine Stefanusbarnehagar i Egypt. Denne kontakten blir formidla gjennom Stefanusalliansen. At borna får kjennskap til andre kulturar og moglegheit for å vera med å gjera ein forskjell for desse borna, er viktig for oss! I oktober 2019 deltok Tone Henriksen og Torunn Aarskog på ei reise til Egypt og fekk sjå og oppleva barnehagane på Søppelfjellet i Kairo drivne av Mama Maggie. Vi blei inspirert til vidare støtte! I 2019 sende me kr. 37.423,- til våre venner i Egypt!

## ØKONOMI:

Barnehagen driv med overskot. Overskotet vert brukt til nedbetaling av gjeld og diverse utbetingar. Pr. 30.12.2019 har barnehagen ei gjeld på ca. 1,6 mill

# FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2019

**Fitjar sokneråd vil retta ei stor takk til alle frivillige og tilsette som i 2019 har lagt ned eit stort arbeid for å nå målet i kyrkjelyden sin visjon. «Nær menneske, nær Kristus»**

